

Vedlegg 4

4.A

Oppmoding om utsett iverksetting av vedtak om å gi midlertidig dispensasjon.

4.B

Svar på oppmoding om utsett iverksetting av vedtak om å gi midlertidig dispensasjon

Administrativt vedtak sak nr. 408/24

4.A

Att. Ordfører Runar Flåt Granheim


Eg syner til førbels svar på klaga mi i bubilsaka, datert 30. mai 2024, dykkar ref.2024/155-45

Eg syner også til kommunedirektør si orientering, Bubilsaka : «Kommunen har hatt møte med Statsforvaltaren i høve til ryddig behandling av saka.»

Antall klager og krav om legalitetskontroll syner eit uvanleg stort engasjement blant folk på Bygland.

På grunnlag av dette, vil eg be om at bubil-saka blir stilt i bero, og ei eventuell opning av bubil-campen blir utsett til saka har fått ei endeleg avgjersle.

Jordalsbø 11.juni 2024
Helsing Jan Olsen



4.B
Bygland kommune
Med hjarta i Bygland

Jan Løberg Olsen
Steinstogvegen 179
4745 Bygland

Vår ref.:	Sakshandsamar:	Dato
2024/155- 53	Liv Elin Frøysnes Berg liv.elin.berg@bygland.kommune.no	13.06.2024

**SVAR PÅ OPPMODING OM UTSETT IVERKSETTING AV VEDTAK I
KOMMUNESTYRE SAK 37/24 MIDLERTIDIG DISPENSASJON FOR
ETABLERING AV TØMMESTASJONAR FOR BUBILAR OG BUBILPARKERING
PÅ GNR. 47, BNR. 114 OG GNR. 47, BNR. 1, FNR. 64 PÅ PRESTENESET**

Delegert sak nr.: 408/24

Vi viser til e-post frå deg den 11.6.2024 der du viser til kommunestyret sitt vedtak i sak 37/24.

Med bakgrunn i at Bygland kommune har fått mange klager, at det er sett fram krav om lovleghetskontroll og at det er eit stort engasjenemt i saka, ber du om at bubil-saka blir stilt i bero og at opning av bubilparkeringa blir utsett til klagesakene er ferdig handsama.

ADMINISTRATIVT VEDTAK:

Kommunedirektøren har vurdert oppmoding om utsett iverksetting av tiltak og gjort slikt vedtak:

Vilkår for å kunne klage eller be om utsett iverksetting av vedtak i sak 37/24, om å gi midlertidig dispensasjon, er ikkje til stades fordi Jan Olsen ikkje er part i saka eller har rettsleg klageinteresse. Oppmoding om utsett iverksetting av vedtak blir avvist i medhald av Forvaltningsloven § 34 1. ledd.

Klagerett:

Du kan klage på vedtaket om avvising til Bygland kommune etter Plan- og bygningsloven § 1-9, jfr. Forvaltningsloven §§ 28 – 32.

Ei evt. klage må jfr. Forvaltningsloven §29 framsettast skriftleg innan 3 veker etter at du har motteke melding om vedtak. Ved evt. klage må du oppgi saksnummer, kva klaga gjeld og grunnen for at de meiner at klaga må bli tatt til følgje. Vedlagt følgjer nærare informasjon om klage- og innsynsrett.

Opplysningar til saka

Kommunestyret i Bygland vedtok i møte den 8.5.2024, sak 37/24, samrøystes å gi mellombels dispensasjon på inntil 10 år frå reguleringsplan for Presteneset for etablering av 16 plassar til bubilparkering og plassering av tømrestasjon for bubilar med toalett og dusj.

Etter vedtaket om mellombels dispensasjon blei kjent har det kome inn klage på vedtaket om å gi midlertidig dispensasjon frå meir enn 30 personar og 4 av kommunestyremedlemmene som var med å gi midlertidig dispensasjon har seinare bedd om lovleghetskontroll av vedtaket. Det har også kome klage på at Bygland kommune som grunneigar i området har signert bruksavtale for inntil 10 år.

Klage på vedtak etter plan- og bygningsloven om å gi midlertidig dispensasjon, krav om lovleghetskontroll og bruksavtalen er alle forhold som må takast opp til handsaming når klagefristen for vedtak i sak 37/24 er ute. Melding om vedtak i sak 37/24 blei sendt ut 16.5.2024, klagefristen er 3 veker og grunna ferietid vil ikkje det vere mogleg å handsame desse klagene i kommunestyret før i september.

I tillegg til dette har det den 11.6.2024 kome oppmoding om utsett iverkseting av vedtak frå ein av dei som har klaga på kommunestyret sitt vedtak. Jan Olsen ber om at bubilsaka blir stilt i bero og at opning av bubil-campen blir utsett til saka har fått endeleg avgjersle.

Oppmoding om utsett iverkseting av tiltaket må handsamast utan ugrunna opphald og det er viktig med ei avgjerast så raskt som mogleg. Vilkår for å handsame oppmoding om utsett iverkseting av tiltaket er at den som ber om utsett iverkseting av tiltak er part i saka eller har rettsleg klageinteresse.

Tilhøvet til gjeldande planar og lovverk

- Plan- og bygningsloven § 1-9, jfr Forvaltningsloven §§ 28-34, § og § 42.

Vurderingar

Kommunestyret sitt vedtak om å gi dispensasjon har skapt engasjement for saka og mange kjenner sterkt eigarskap og tilknytning til Presteneset, det er det ingen tvil om.

Forvaltningsloven har reglar om kva vedtak som kan bli klaga på og kven som kan klage på eit kommunalt vedtak. Dersom vilkåra for å klage ikkje er til stades skal klaga bli avvist. Det er part eller dei som har rettsleg klageinteresse som kan klage på denne type vedtak, og det er dei same, part eller dei med rettsleg klageinteresse, som også kan be om utsett iverksetting av eit vedtak.

Hovudregelen er at når kommunen har gitt dispensasjon og byggeløyve kan byggearbeidet starte.

Eit vedtak om dispensasjon og byggeløyve er eit enkeltvedtak som kan påklagast, men at eit vedtak blir påklaga skal ikkje vere til hinder for at eit tiltak kan starte opp og gjennomførast.

Av omsyn til rettsstryggleik og for å unngå uoppretteleg skade eller tap er det i Forvaltningsloven § 42 gitt moglegheit for å bestemme at byggearbeid likevel ikkje kan settast i gong før ei klage er endeleg avgjort.

Føresetnad for å klage på eit dispensasjonsvedtak og eit byggeløyve, samt be om utsett iverksetting av eit vedtak er som nemnt at ein er part i saka (nabo, gjenbuar osv.) eller på anna måte har rettsleg klageinteresse i saka.

I denne saka er ikkje Jan Olsen nabo, gjenbuar eller vurdert til å ha rettsleg klageinteresse i saka og vilkåra for å klage eller be om utsett iverksetting av vedtak i kommunestyresak 37/24 er ikkje til stades. Oppmoding om utsett iverksetting av tiltak blir difor avvist.

Med helsing

Bygland kommune

Liv Elin Frøysnes Berg

Ingeniør byggesak

Vedlegg

- 1 Orientering om klage og innsynsrett

Dokumentet er godkjent elektronisk, og blir sendt utan underskrift



OPPLYSNINGAR OM KLAGE- OG INNSYNSRETT

KLAGERETT

Dersom du ynskjer det, kan du klage over vedtaket du har fått melding om. Nedanfor kan du lese reglane for slike klager.

Kven skal klaga sendast til?

Du skal sende/levere klaga til den som står som avsendar på det vedtaket du har fått melding om. Dersom denne instansen finn at klaga gjev grunnlag for det, kan vedtaket gjerast om. I motsett fall vert saka send vidare til Fylkesmannen til avgjerd. Det vedtaket som vert gjort der, kan du normalt ikkje klaga på.

Kor lang tid har du på deg?

Klaga lyt vere levert eller postlagt innan 3 veker frå dette brevet kom fram. Vert klaga send etter at fristen gjekk ut, har du ikkje rett til å få vurdert vedtaket på nytt. Har du særskilde grunnar for det, kan du likevel søkje om å få klagefristen forlenga.

Kva skal du skrive i klaga?

Du skal nemne det vedtaket du vil klage på, og den endringa/dei endringane du ynskjer. Du bør også nemne grunnen til at du klagar, og eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga. Klaga må vere underskriven av klagar eller klagar sin fullmektig. Heile lovteksten finn du i Forvaltningslova §§ 28 – 32.

Utsetjing av vedtaket

Sjølv om det er klagerett, kan vedtaket vanlegvis gjennomførast straks. Du kan søkje om å få utsett iverksetjinga av vedtaket. Avslag på slik søknad kan ikkje påklagast.

INNSYNSRETT

Har du høve til å sjå sakspapira?

Ja, dersom ikkje dokumenta kjem inn under dei avgrensingane som det er gjort greie for i lova, har du det. Då kan du vende deg til det kontoret som har sendt ut dette brevet.

Treng du fleire opplysningar?

Også i det høvet kan du vende deg til det kontoret som har sendt ut dette brevet. Heile lovteksten finn du i Forvaltningslova §§ 17-21 og Offentlegheitslova.

KOSTNADER I SAMBAND MED KLAGESAKA

Utgifter til naudsynt advokatbistand kan ein søkje om å få dekka av det offentlege etter reglane om fritt rettsråd og i medhald av Forvaltningslova § 36. Klageinstansen vil om naudsynt gjere deg merksam på retten til å krevje slik dekning for sakskostnader.